

2019

SOSIALE MEDIUM

TEMAMATERIELL
FOR 5.-7. TRINNET

Veke 6



INNHALD

FORORD	3
ØVINGAR	4
1. ONLINE	5
2. DILEMMA PÅ NETTET	6
FAKTAARK: LOVER OG RETTAR	10
ØVINGAR	16
3. GRENSE OG KRENKINGAR	18
4. NETTVETT	19
5. PRIVATLIV I SOSIALE MEDIUM	20
6. MOBBING PÅ NETTET	21
7. TRIVSEL I SOSIALE MEDIUM	22
8. KVA HAR VI LÆRT?	23

Veke 6 © Sex og Politikk, 2019

Kopiering tillate til undervisningsbruk mot at ein viser til kjelde.

ISBN nr. 978-82-93214-73-1

Innhald: Sex & Samfund og Sex og Politikk

Sex og Politikk har rettane til konseptet og materialet Veke 6 i Noreg etter avtale med Sex & Samfund i Danmark

Layout: Sex & Samfund. Oppdateringar og norsk versjon: Kord

Foto: Pernille Skanderup og Lars Nybøll

Norsk materiell er finansiert av Utdanningsdirektoratet og Helsedirektoratet

FORORD

Formålet med undervisningsmaterialet Veke 6 er å inspirere til god og heilskapleg undervisning om seksualitet. Tanken bak undervisningsmaterialet er at du fritt skal kunne velje kva øvingar du ønskjer å bruke, ut frå kva behov du ser at elevane dine har, målet for undervisninga og kor mykje tid du har til rådvelde. Temamaterialet kjem i tillegg til grunnmaterialet for mellomtrinnet, og du vel sjølv om du bruker dei kvar for seg eller saman.

Dette temamaterialet handlar om korleis barna på mellomtrinnet bruker sosiale medium. Formålet er å medverke til at barna blir reflekterte og kritiske brukarar av internett og sosiale medium, og til å styrkje trivselen til barna og handlingskompetansen deira på nettet. Gjennom øvingane i materialet tek elevane for seg problem og dilemma på nettet, reflekterer rundt dei og diskuterer handlingsalternativ.

Det er også viktig at elevane blir kjende med rettane sine og kva som er lov og ikkje lov. Barnekonvensjonen bør derfor knytast til arbeid med temaet. Vi har i tillegg med råd fra Barnas Jurist.

Vi tilrår at du som ei øving i forkant lét elevane diskutere dilemma utan å informere om lovene, før dei får bli kjende med lovene og kan ta det med i avgjerdene og argumenta sine. Bruk gjerne aktuelle saker i media eller på skulen som utgangspunkt for diskusjonane.

Lykke til med undervisninga!
Helsing Sex og Politikk



OM SEX OG POLITIKK

Sex og Politikk – foreininga for seksuell og reprodutiv helse og rettar er ein organisasjon som jobbar for å styrkje og informere om seksuell og reprodutiv helse og rettar (SRHR) både i Noreg og internasjonalt.



Les meir om Sex og Politikk på
www.sexogpolitikk.no

NÅR ELEVAR PÅ BARNESKULEN ER PÅ NETTET

Vi veit at mange elevar møter porno på nettet tidleg i livet, og derfor meiner vi at temaet må takast opp allereie på mellomtrinnet. Når barn møter porno på nettet, varierer det korleis det reagerer på det. Somme synest at det er ubehageleg og skremmande, mens andre synest det er spennande.

- Ver open med elevane om at dette er eit tema de kan snakke om utan skam. Ver tydeleg på at porno er laga for vaksne og ikkje for barn.
- Ver tydeleg på at mykje av det ein ser, er filmtriks og er overdrive.
- Ver tydeleg på at elevane bør snakke med ein vaksen dersom dei kjem over noko på nettet som dei synest er skremmande eller ubehageleg.
- Sjå også eiga oppgåve om porno i grunnmaterialet for mellomtrinnet.

ØVINGAR



1. ONLINE

FILM

MÅLGRUPPE

➔ 5.–7. trinnet

MÅL

➔ Elevane skal kunne delta i ein samtale om digital mobbing og trivsel.

FAGLEG RELEVANS

➔ Digitale ferdigheiter

KOMPETANSEMÅL

- ➔ Bruke internett og sosiale medium på ein forsvarleg måte.
- ➔ Ha evne til etisk refleksjon og kunne vurdere internett og sosiale medium som kommunikasjons- og informasjonskanal.

TID OG UTSTYR



TID
45 minutt

UTSTYR

Filmen «Online» på <https://sexogpolitikk.no/seksualundervisning/filmer/>

FORKLARING

Undervisaren førebur klassen på kva øvinga går ut på. Undervisaren forklarar at temaet for denne øvinga er å reflektere over kva som skal til for at nettet og sosiale medium skal vere ein trygg og god stad å vere. Klassen ser filmen «Online» saman. Deretter blir klassen delt inn i grupper med 3–4 elevar i kvar gruppe. Gruppene skal diskutere desse spørsmåla:

- Kva fortel ungdommane i filmen at dei synest er bra med sosiale medium?
- Kva for døme på problem med sosiale medium viser ungdommane til?
- Kva for gode råd og idear om korleis ein kan bruke sosiale medium gir dei unge i filmen?

Deretter følgjer ein opp gruppearbeidet med ein samtale i klassen. Klassesamtalen kan ta utgangspunkt i desse spørsmåla:

- Kva synest de er bra med å vere på nettet?

- Kva synest de er bra med å vere til stades i sosiale medium?
- Kva synest de kan vere vanskeleg på nettet?
- Kva synest de kan vere vanskeleg i sosiale medium?
- Kva kan ein gjere dersom ein har gjort noko på nettet som ein angrar på?
- Kva kan vere fordelane med å snakke med foreldra sine om kva ein gjer i sosiale medium?
- Kva kan vere ulempene med å snakke med foreldra sine om kva ein gjer i sosiale medium?
- Kva for andre vaksne kan ein snakke med om utfordringar i sosiale medium?
- Er det ein god ide å fortelje noko personleg om seg sjølv i sosiale medium?
- Kva for gode råd og idear har de om bruk av nettet og sosiale medium?

TIPS TIL UNDERVISAREN



Som supplement til filmen kan klassen sjå klippa Redd Barna har på YouTube-kanalen sin om nettvett.

Ei ekstraoppgåve som kan knytast opp til fag som matematikk er å søkje opp undersøkingar om norske barn og bruk av nettet, og samanlikne tala. Tips: Ta ein kikk på sidene til Redd Barna

www.reddbarna.no/vaart-arbeid/barn-i-norge/nettvett



2. DILEMMA PÅ NETT

FIRE HJØRNE

MÅLGRUPPE

➔ 5.–7. trinnet

MÅL

- ➔ Elevane skal kunne ta stilling til dilemma i situasjonar som oppstår på nettet.
- ➔ Elevane skal kunne ta del i ein samtale om fordelar og ulemper ved forskjellige handlingsalternativ.

FAGLEG RELEVANS

➔ Norsk og digitale ferdigheiter

KOMPETANSEMÅL

- ➔ Bruke nettvett og følgje reglar for personvern på internett og i sosiale medium.
- ➔ Uttrykkje og grunngi egne standpunkt og vise respekt for standpunkta til andre.

TID OG UTSTYR



TID

15 minutt per dilemma

UTSTYR

Arbeidsark med dilemma

FORKLARING

Undervisaren innleier med å introdusere klassen for arbeidsforma i øvinga. Dette er særleg viktig dersom elevane ikkje har arbeidd med denne typen øvingar tidlegare. Elevane skal vite:

- At øvinga handlar om å øve seg på ta stilling – også når ein er i tvil.
- At målet ikkje er at alle skal vere einige, men derimot å undersøkje ulike handlingsalternativ.
- At elevane ikkje skal kritisere vala til kvarandre.

Øvinga startar med at undervisaren les opp eit dilemma for elevane. Elevane skal ta stilling til korleis personen kan handle i den gitte situasjonen. Undervisaren markerer tre område i rommet; 1, 2, 3 og 4. Kvart område representerer eit handlingsalternativ som undervisaren seinare les opp for elevane. Når eit handlingsalternativ blir lese opp, stiller undervisaren seg på det området som representerer den konkrete handlinga. Deretter stiller elevane seg på det området som dei synest beskriv det beste handlingsalternativet. Undervisaren avgjer om klassen skal begynne å stille seg ved områda etter kvart som dei blir lesne opp, eller om elevane først skal lytte til opplesinga av alternati-

va, og deretter gå til det området dei synest passar best. Området «Bestem sjølv» er med i alle oppgåvene og er der for dei elevane som ikkje synest at nokon av dei andre alternativna er gode nok, og som sjølve ønskjer å komme med eit forslag.

Ein annan måte å gjere øvinga på, er at elevane får eit tilfeldig nummer frå éin til fire. Elevane skal stille seg i det hjørnet eller området som stemmer overeins med nummeret deira. Dei skal no snakke saman i mindre grupper med to–tre elevar per gruppe, og gruppa skal bli einig om kva for fordelar og ulemper dei ulike svara frå kvar av deltakarane har. Deretter intervjuar undervisaren gruppene i plenum og stiller spørsmål om kva for tankar dei har gjort seg og om argumenta dei legg til grunn.

Når dei har drøfta dette, skal undervisaren be elevane tenkje over kva svar dei synest er best. Dei treng ikkje fysisk å bytte stad att, men berre tenkje litt over spørsmålet. Undervisaren kan eventuelt stille spørsmål om det er nokon som ønskjer å fortelje kva for hjørne dei kunne tenkje seg å stille seg i, og eventuelt kvifor. Øvinga held deretter fram med neste case.

Vi tilrår at du prøver eit par dilemma frå denne oppgåva før du går til neste oppgåve, der de blir kjende med

lover og rettar. Etterpå kan de gå tilbake til denne oppgåva og diskutere fleire dilemma, og eventuelt også diskutere tidlegare dilemma på nytt. Har de endra mening? Er argumentasjonen annleis?

TIPS TIL UNDERVISAREN



Dersom elevane fordeler seg svært ulikt eller eit hjørne blir tomt, er det også mogeleg for undervisaren å stille seg i det hjørnet som eventuelt er tomt eller færrest elevar i. Dersom dette skjer, må undervisaren vere positivt merksam på dei elevane som er i mindretal. Er det eit hjørne med berre éin elev i, stiller undervisaren seg i dette hjørnet saman med eleven og leier resten av undervisninga herifrå.

Undervisaren kan også sjølv lage egne dilemma som er direkte knytte opp mot aktuelle utfordringar eller mot typiske utfordringar som elevane kan bli stilte overfor i sosiale medium.

ARBEIDSARK 1


DILEMMA PÅ NETT

DILEMMA A

Rabia har oppretta ein profil på Instagram. Ho har lagt ut eit bilete av seg sjølv der ho har på seg ein ny topp. Ein av Instagram-vennene til Rabia skriv ein kommentar på biletet: «Du er ekkel og billig».

Kva kan Rabia gjere?

1. Rabia skal skrive til Instagram-vennen sin og seie at ho synest det er ufint å kommentere biletet hennar på denne måten.
2. Rabia kan slette biletet.
3. Rabia kan ignorere kommentaren.
4. Andre alternativ.



DILEMMA B

William og ein av vennene hans har ei tid halde på med å gi kvarandre utfordringar. Ein dag utfordrar vennen til William han og seier at han ikkje tør å sende eit bilete av tissen sin til Sarah frå klassen. William tek eit bilete av tissen sin og sender det til Sarah. Neste dag begynner mange av klassekameratane til William å sende han meldingar der dei skriv at han er kvalm og ekkel. William finn ut at Sarah har sendt biletet vidare til heile klassen.

Kva kan William gjere?

1. William kan seie unnskyld til Sarah for at han sende biletet til henne.
2. William kan snakke med ein lærar om det som har skjedd.
3. William kan snakke med foreldra sine om det som har skjedd.
4. Andre alternativ.

DILEMMA C

Mathias og Sebastian er blitt uvenner på skulen. Når Mathias kjem heim frå skulen, får han ei melding frå Sebastian. I meldinga står det: «Du er ein kødd, du skal berre døy!»

Kva skal Mathias gjere?

1. Mathias kan snakke med foreldra sine om meldinga.
2. Mathias kan ringe til Sebastian og snakke med han om meldinga, og dei kan snakke om at det er ulovleg å sende drapstrugsmål.
3. Mathias kan snakke med ein lærar om det.
4. Andre alternativ.

Framhald på neste sida



ARBEIDSARK 1

DILEMMA PÅ NETT



DILEMMA D

Silja har begynt i ein ny klasse. Ho er blitt uvenner med nokon av dei andre i klassen. Silja oppdagar at dei andre i klassen har laga ei Facebook-gruppe som heiter: «Vi som hatar Silja».

Kva kan Silja gjere?

1. Silja kan fortelje til klassen at ho er lei seg for at dei har laga Facebook-gruppa.
2. Silja kan snakke med dei gamle vennene sine om det.
3. Silja skal snakke med foreldra sine om det.
4. Andre alternativ.

DILEMMA E

Bilal spelar ofte dataspel med klassekameratane sine når dei kjem heim frå skule og aktivitetar. Mens dei spelar, bruker de å skype og chatte med kvarandre. Det er veldig gøy, men Bilal synest at dei andre ofte er slemme mot kvarandre og seier stygge ting, også om andre i klassen som ikkje er med og spelar.

Kva kan Bilal gjere?

1. Bilal kan seie til dei andre han spelar med at dei skal slutte å vere slemme mot andre.
2. Bilal kan snakke med foreldra sine om det.
3. Bilal kan ignorere det dei seier – det er jo ikkje han dei snakkar om.
4. Andre alternativ.

DILEMMA F

Ein dag då Oskar er på toalettet på skulen, snik to jenter i klassen seg inn på toalettet og tek eit bilete av han med mobilen sin. Oskar synest det er svært pinleg, og han er bekymra for kva jentene kjem til å gjere med biletet.

Kva kan Oskar gjere?

1. Oskar kan be jentene om å slette biletet.
2. Oskar kan snakke med foreldra sine.
3. Oskar kan snakke med læraren sin.
4. Andre alternativ.

Framhald på neste sida



ARBEIDSARK 1

DILEMMA PÅ NETT


DILEMMA G

Foreldra til Ali er veldig bekymra for kva han gjer når han er på nettet. Dei er redde for at han skal bli utsett for noko ubehageleg – til dømes at nokon vaksne skal skrive til han om sex.

Derfor har dei bestemt at Ali skal fortelje dei kva han gjer på nettet, og ofte kjem dei òg og sjekkar sjølve. Ali synest dette er svært provoserande, han ønskjer ikkje at foreldra hans skal vite absolutt alt om det han skriv med andre om.

Kva kan Ali gjere?

1. Ali kan ikkje gjere noko fordi foreldra hans har rett til å sjekke kva han held på med.
2. Ali kan prøve å få foreldra sine til å forstå at dei ikkje treng å vere så bekymra.
3. Ali kan velje å berre logge seg på internett andre stader enn heime, slik at han får vere i fred.
4. Andre alternativ.



DILEMMA H

Måhtte likar å spele dataspel når han er på klubben. Han spelar ofte saman med Andreas og Muhammed. Andreas og Muhammed ropar litt høgt når dei spelar. Dei ropar til dømes «fuck deg ditt svin» og «eg drep deg for faen». Måhtte likar ikkje at dei ropar og bannar.

Kva kan Måhtte gjere?

1. Måhtte kan spørje Andreas og Muhammed om dei kan spele utan å rope.
2. Måhtte kan slutte å spele dataspel på Aktivitetsskulen og finne på noko anna å gjere.
3. Måhtte kan snakke med ein vaksen på klubben.
4. Bestem sjølv kva Måhtte kan gjere.

DILEMMA I

Sarah er i symjehallen saman med klassen. Miriam tek eit bilete av Sarah med mobilen sin når ho ikkje har nokon klede på i garderoben. Sarah er redd for kva Miriam vil gjere med biletet av henne.

Kva kan Sarah gjere?

1. Sarah kan snakke med Miriam og be henne slette biletet.
2. Sarah kan fortelje gymlæraren kva som har skjedd og be læraren om å få Miriam til å slette biletet.
3. Sarah kan snakke med foreldra sine om det.
4. Bestem sjølv kva Sarah kan gjere.



FAKTAARK

LOVER OG RETTAR

HAR DU HØYRT OM BARNEKONVENSJONEN?

I Noreg blir du rekna som barn til du fyller 18 år. Barnekonvensjonen er den første internasjonale menneskerettskonvensjonen som gir barn menneskerettar fordi dei er barn og har krav på særleg vern. Noreg er ein av dei statane som har slutta seg til barnekonvensjonen og er forplikta til å følgje det som står i han.

Eksempel på nokre av rettane som kan vere relevante når vi diskuterer reglar og rettar som gjeld på nettet og i sosiale medium:

- *Alle barn har rett til å få oppfylt rettane sine utan diskriminering.*
- *Alle barn har rett til vern, blant anna mot vald og seksuell utnytting.*
- *Alle barn har dei same rettane.*
- *Alle barn har yrtingsfridom og rett til privatliv.*

Det ser ikkje ut til at alle hugsar at barna også har rett til personvern og privatliv. Barnekonvensjonen slår dette fast:

Artikkel 12 – Barna har rett til å seie meininga si om alt som vedkjem dei, og meiningane deira skal ha noko å seie.

Artikkel 16 - Barnet skal ikkje bli utsett for tilfeldig eller ulovleg innblanding i privatlivet sitt. Det skal vernast mot ulovleg angrep mot ære og omdømme.

Dette betyr at det er viktig at verken vaksne eller andre barn publiserer for mange eller krenkjande bilde av barn, og at det er viktig å alltid spørje barnet før bilde blir delte.

Les meir om barnekonvensjonen her: www.barneombudet.no/dine-rettigheter/barnekonvensjonen

Alle barn har rett på hjelp dersom dei har opplevd noko vanskeleg og skadeleg.

FNs barnekonvensjon

BARNEOMBODET PASSAR PÅ RETTANE TIL BARNA

Barneombudet er talspersonen til barn og unge, og har ansvaret for at meiningane til barn og unge blir høyrde, og for at rettane deira blir følgde.

Den viktigaste oppgåva til barneombudet er å passe på at dei som bestemmer i Noreg, følgjer barnekonvensjonen. Lov om barneombod seier korleis barneombudet skal jobbe.

«Spør barneombudet» er spørjetenesta til barneombudet for barn og unge under 18 år. Her kan du blant anna spørje om aldersgrenser for bruk av sosiale medium.

Vaksne må sende e-post til post@barneombudet.no www.barneombudet.no/spor-barneombudet/

I BESTE MEINING

FNs barnekonvensjon seier at alle har rett til respekt for privatlivet og familielivet sitt, heimen sin og korrespondansen sin. Det står også at du har rett til å seie meininga di og bli høyrd. Dette vil seie at det barn og unge meiner om sitt eige personvern, er viktig. Dersom du for eksempel ikkje ønskjer at dine føresette publiserer bilde av deg på sosiale nettstader, bør dei respektere det.

Datatilsynet har laga eit rettleiingshefte om bilde av barn på nett som heiter «I beste mening». Her finn barn og unge reglane som gjeld, gode råd og informasjon.

Les meir på www.datatilsynet.no

DU BESTEMMER

«Du bestemmer» er ein nettressurs om personvern og nettvett for barn og unge i alderen 9 til 18 år. Målet med opplegget er å gi større bevisstheit, refleksjon og kunnskap om personvern og dei vala ungdommar gjer når dei bruker digitale medium.

«Du bestemmer» er eit samarbeidsprosjekt mellom Utdanningsdirektoratet og Datatilsynet.

www.dubestemmer.no

FAKTAARK

LOVER OG RETTAR



KJEKT Å VITE! KVA SEIER LOVA?

Internett og sosiale medium kan vere veldig hyggjeleg, og det kan vere eit fint verktøy for å dele ting du har gjort eller ting du likar med familie og venner. Likevel bør alle tenkje gjennom kva dei legg ut, og kva for konsekvensar det kan ha å leggje ut noko. Dersom du vil dele bilete av vennene dine på nettet, må du først spørje om dei synest det er greitt. Det same gjeld dersom du vil sende eit bilete av ein av vennene dine til nokon andre. Når ein er under 15 år er det foreldra som må seie ja til at det blir lagt ut bilete av deg. Snakk med foreldra dine om kva dei synest er greitt at ein legg ut og deler.

Du har rett til å seie nei til at bilete, filmar og annan informasjon om deg sjølv blir delt på internett. Du har òg rett til å be om at bilete og informasjon blir fjerna frå internett.

Mobbing på internett er òg mobbing, men det kan vere vanskelegare å oppdage fordi det kan skje i det skjulte, og til og med vere anonymt. Mobbing på nett er like alvorleg som anna mobbing. Det er viktig å seie ifrå til nokon som kan gi deg råd om kva du kan gjere.

Sjekk innstillingane dine på sosial medium. Kor mykje av det du legg ut er tilgjengeleg for andre enn vennene dine? Det er viktig å tenkje over at dersom du har ein offentleg profil, kan alle som ønskjer det sjå og lagre bileta du legg ut. Mange sosiale medium som Facebook, Instagram og Snapchat har 13 års aldersgrense. Finn ut kva aldersgrensene er dersom du vil opprette ein brukar, og vent til du er 13 år dersom det er aldersgrensa.

Dersom du har eit passord på ei side med profilen din, er det smart å halde passordet for seg sjølv. Ikkje bruk det same passordet alle stader der du treng eit passord.

På internett kan ein treffe mange andre folk. Dei fleste er hyggjelege og greie, men på dei sidene der du ikkje treng å skrive det fulle namnet ditt, kan du ikkje vere sikker på kven du snakkar med. Det er ikkje alle som er dei som dei gir seg ut for å vere.

KJELDER

Barnas Jurist.
Sjå også www.ensnap.no

OM BARNAS JURIST

Barnas Jurist gir gratis, oppsøkjande rettshjelp til barn og unge opp til 25 år. Barnas Jurist kan hjelpe i saker som dreier seg om mobbing, rett til nødvendig helsehjelp, medråderett, NAV-rettar mm.

Telefon: 22 41 22 40
e-post: post@barnasjurist.no
www.barnasjurist.no

EIN SNAP

«EIN SNAP» er ein kampanje utarbeidd av Barnas Jurist i samarbeid med fleire andre. Formålet med kampanjen er å informere unge mellom 13 og 17 år om rettane deira på nettet, og han handlar om deling av seksualiserte bilete utan samtykke, via sosiale kanalar som Snapchat. Les meir på www.ensnap.no

TIPS FRÅ BARNAS JURIST:

Ver varsam med det du deler på nettet, og få alltid samtykke dersom du deler informasjon om eller bilete av nokon andre enn deg sjølv.

Framhald på neste sida



FAKTAARK

LOVER OG RETTAR

HAR ANDRE LOV TIL Å SPREIE BILETE EG HAR SENDT?

- Dersom nokon spreier nakenbilete eller andre intime bilete av deg utan ditt samtykke, kan dei straffast for det. Dette gjeld uansett om du har sendt bileta frivillig til denne personen, eller om personen har fått tilgang til bileta av deg ved å hacke seg inn på mobilen din eller datamaskina di.
- Offentleggjering av bilete, videoar eller annan informasjon som kan vere avslørande, nedverdiggande eller krenkjande for den personen det gjeld, er ei krenking av privatlivet og er ramma av straffelova § 267. Dette gjeld for eksempel spreieing av nakenbilete. For brot på denne regelen kan ein straffast med bot eller fengsel i inntil eitt år.

Sjå heile lovteksten: www.lovdato.no, straffelova § 267 og § 311

ULOVLEG Å SPREIE BILETE UTAN SAMTYKKE

I tillegg er det ulovleg å spreie bilete av andre utan samtykke frå den personen det er bilete av. Dette gjeld uansett om det er nakenbilete eller heilt vanlege bilete.

Det går fram av åndsverklova § 104 c at eit bilete av ein annan person ikkje kan lastast opp og/eller spreiest på nettet eller visast offentleg utan at personen på biletet synest at det er greitt. Det same gjeld for video.

For brot på denne regelen kan ein etter åndsverklova § 54 første ledd bokstav b straffast med bøter eller fengsel inntil tre månader. Det er nokre unntak frå denne hovudregelen. Blant anna er det lovleg å leggje ut situasjonsbilete, der det som skjer, er viktigare enn personen/personane på biletet. Døme på dette kan vere bilete av publikum på ein konsert eller ein fotballkamp.

Sjå heile lovteksten: www.lovdato.no, åndsverklova § 104 c

HJELP TIL Å SLETTE:

1. Ta kontakt med personen som la ut informasjonen.
2. Ta kontakt med dei som driftar nettsida.
3. Ta kontakt med organisasjonar eller offentlege organ.
4. Kontakt politiet.

Nettstaden slettmeg.no er ei råd- og rettleiingsteneste for deg som kjenner deg krenkt på nettet. Tenesta har ikkje mandat til å slette noko eller krevje at noko blir sletta frå nettet, men kan hjelpe deg å komme i kontakt med dei som har lagt ut opplysningane, eller eventuelt tenestene der opplysningane ligg. Dei kan også gi deg teknisk hjelp og råd om korleis ein best går fram for å få fjerna opplysningane. Slettmeg.no blir driven av Norsk senter for informasjonssikring.

www.slettmeg.no

PERSONVERN

Alle som publiserer personopplysningar på nettet (det vil seie opplysningar og vurderingar som kan knytast til ein enkeltperson), må i utgangspunktet rette seg etter personopplysningslova. Dette kan gjelde også når publiseringa skjer på ei heimeside eller ein blogg. Hovudregelen er at ingen kan publisere personopplysningar utan eit frivillig, informert og uttrykkjeleg samtykke frå den opplysningane gjeld, og at dei opplysningane som blir publiserte, skal vere korrekte og oppdaterte. Eit samtykke kan trekkjast tilbake når som helst.

Les meir på www.datatilsynet.no/rettigheter-og-plikter/hva-er-personvern/
Les meir om personopplysningslova på www.lovdato.no

FAKTAARK

LOVER OG RETTAR – SPØRSMÅL OG SVAR

SPØRSMÅL:

Mamma tek mobilen min! Mamma tvingar meg til å gi henne koden slik at ho kan sjå og lese alt. Det blir feil, for vennene mine har sendt melding om dei personlege problema sine, og ingen andre har rett til å snoke i dette. Har mamma lov? Ho truar med å gå til operatøren for å få dei til å låse opp. Dette hastar!

– Jente (15)

SVAR:

Hei, og takk for at du skriv til oss. Foreldra dine har ansvar for deg til du fyller 18 år, og dei skal følgje med på at du har det bra. Dei skal altså verne deg dersom dei meiner at noko er skadeleg for deg. Dei kan derfor for eksempel spørje om koden til mobilen din dersom dei har mistanke om at du gjer noko på mobilen som er skadeleg eller farleg for deg eller andre.

Samtidig har barn rett på privatliv. Det står i barnekonvensjonen artikkel 16. Det er derfor først når foreldra har grunn til å vere urolege, at dei kan gripe inn.

Ein god grunn kan for eksempel vere at ho er redd for at du blir mobba, mobbar andre, er involvert i kriminelle eller andre alvorlege ting. Då skal ho snakke med deg om det og forklare kvifor ho må få sjå.

Vi tilrår at du tek ein skikkeleg prat med mor di. Du kan lese meir om når foreldra kan krevje passorda dine på ung.no.

Helsing oss hos Barneombudet, barneombudet.no

UNG.NO

er den offentlege informasjonskanalen for ungdom. Her finn du informasjon om kva rettar og plikter du har. På nettsida ung.no kjem det ofte førespurnader frå barn og ungdom som har vist seg fram lettkledde på webkamera eller Snapchat. Somme har fått trugslar om at desse bileta kjem til å bli spreidde eller viste til andre. Det er viktig å hugse på at det er den personen som spreier bileta, som gjer noko ulovleg, ikkje den som har sendt bileta. Les meir om nettvett på www.ung.no/nettvett.

Å DELE ANDRE SINE NUDES ER #IKKJGREITT

#ikkegreit er ein kampanje på ung.no som rettar merksemda mot overgrep og krenkingar blant unge. Her finner du blant annet info om GIFs, artikler og filmer om temaet deling av nakenbilder.

www.ung.no/ikkegreit/

Spørsmål:

Hei, snapchaten min er blitt hacka!! Folk eg kjenner, får snappar som: kvar bur du? Og likar du meg!! Dei har endra tlf.-nummer, e-post og alt! Er redd for at folk skal tru eg er dritrar.

Svar:

Hei! Det er ikkje alle problem som er omtalte i løysingane på nettsidene til Slettme.no. For å få saka behandla på beste mogeleg måte rår eg deg til å ringe dei på telefon. Då får du snakke med ein rådgivar som kan finne den best mogeleg løysinga for deg – dersom det finst ei løysing. Nummeret er 911 29 392, og telefontida er 12–17 måndag til torsdag.
Helsing slettme.no i samarbeid med ung.no

KVA KAN DU GJERE?

KVA KAN DU GJERE DERSOM NOKON HAR DELT BILETET DITT?

- Snakk med ein vaksen du stoler på, for eksempel foreldra dine, ein lærar eller ein venn.
- Treng du råd om korleis du fjernar noko frå nettet, ta kontakt med Slettmeg.no.
- Chat med [Kors på halsen](#) eller [Snakk om mobbing](#). Dei er der for deg, du kan stole på dei, og det er vaksne som ikkje kan sjå kven du er.
- Be dei som har delt biletet, om å slette det frå telefonen sin, datamaskina og alle andre stader der det er lagra.
- Dersom biletet er publisert på Facebook, Instagram eller andre sosiale medium, kan du kontakte eigaren av sida for å få biletet sletta.
- Meld det til politiet. Dersom du treng hjelp til korleis du melder eit forhold, eller har spørsmål om lover og reglar knytt til ulovleg biletdeling, kan du ta kontakt med Barnas Jurist.

Kjelde: www.ensnap.no, [Barnas Jurist](#)

KVA KAN DU GJERE DERSOM NOKON HAR SENDT DEG EIT BILETE AV NOKON ANDRE?

- Slett biletet frå telefonen eller datamaskina di, og ikkje del det vidare.
- Be den som sendte deg biletet, om å gjere det same.
- Dersom du veit kven som er på biletet, ver ein venn og gi beskjed om at du fekk tilsendt eit bilete av personen, og at du no har sletta det.
- Gi personen sjansen til å vurdere kva han eller ho vil gjere med saka.

Kjelde: www.ensnap.no, [Barnas Jurist](#)

KVA KAN DU GJERE DERSOM DU HAR DELT EIN ANNAN SITT BILETE?

- Slett biletet frå telefonen din eller datamaskina di.
- Be dei du har sendt biletet til, om å slette biletet og ikkje sende det vidare.
- Dersom du veit kven som er på biletet, ver ein venn og gi beskjed om at du fekk tilsendt eit bilete av personen, og at du no har sletta det.
- Gi personen sjansen til å vurdere kva han eller ho vil gjere med saka.

Kjelde: www.ensnap.no, [Barnas Jurist](#)

Lenkjer til gode hjelparar

- www.ung.no
- www.barnasjurist.no
- www.ensnap.no
- www.slettmeg.no
- www.barneombudet.no
- www.snakkommobbing.no
- www.dubestemmer.no
- www.konfliktraadet.no
- www.korspahalsen.no
- www.datatilsynet.no

Dersom du vil snakke med nokon

- Røde Kors-telefonen 800 333 21
- Alarmtelefonen 116 111
- Helsesjukepleiar på skulen
- Ungdomstenesta i kommunen

ØVINGAR



«Alle elevar har rett på eit godt skolemiljø.»
Opplæringslova kapittel 9a

ARBEIDSARK 2

DILEMMA PÅ NETTET

DILEMMA

Dilemma er bygde på autentiske spørsmål frå rådgivingsida www.ung.no, men namn og stad er anonymiserte.



Oppgåve

Les kvart enkelt dilemma. Etter kvart dilemma skal de:

A. Finne ut om det skjer noko ulovleg i dilemmaet.

B. Gi nokre gode råd til personen som stiller spørsmålet i dilemmaet.



1. HATSIDER PÅ FACEBOOK

I klassen til Kristian er det av og til ein hard tone. Kristian er sjølv ein av dei som kan vere ganske frekk. Det er fleire som synest at han kan vere irriterande. Her om dagen var det nokon som laga ei hatside på Facebook som heiter: «For alle oss som synest Kristian H er ein tosk».

Kva kan Kristian gjere?

2. BAKSNAKING

Asta har ikkje appen Jodel, men mange i klassen hennar har han. Ein dag fortel ei venninne at nokon har skrive ting om henne inne på forumet, som til dømes: «Kvifor synest alle at Asta er pen – ho har jo ingen former!» Asta synest det er svært ubehageleg at nokon skriv anonymt om henne. Ho vurderer om ho skal laste ned Jodel på mobilen sin berre for å kunne sjekke kva dei andre skriv om henne.

Kva kan Asta gjere?

3. DELING AV BILETE

Selma har vore venner med ein gut frå USA i snart eitt år. Han er blitt forelska i henne, og dei er blitt samde om å sexte (sende nakenbilete). Selma finn ut at dei bileta som ho får frå vennen i USA, ikkje er ekte bilete, men noko han har funne på nettet. Alle bileta til Selma er ekte, og ho føler seg pressa til å sende dei.

Kva kan Selma gjere?



Framhald på neste sida



ARBEIDSARK 2

DILEMMA PÅ NETTET

4. DELING AV BILETE

Petter er 17 år. Han har møtt ein gut på ei chatteside. Guten har fortald at han er 16 år gammal. Dei er blitt einige om å sende nakenbilete til kvarandre. Petter sender eit bilete til han. Guten svarar at han ikkje har lyst til å sende noko bilete tilbake og at han eigentleg berre er 13 år gammal. Petter er redd for at han har gjort noko ulovleg.

Kva kan Petter gjere?

5. DELING AV BILETE

William har sendt eit bilete av tissen til ei jente til ein av vennene sine. Ein kan ikkje sjå ansiktet til jenta på biletet. No er William redd for at han har gjort noko ulovleg.

Kva kan William gjere?

KJENNER DU TIL UNG.NO?

På Ung.no kan du stille spørsmål og få svar. Ung.no er det offentlege sin informasjonskanal for ungdom.

Her finn du informasjon om kva rettar, moglegheiter og plikter du har.



3. GRENSE OG KRENKINGAR

GRUPPEARBEID OG KLASSESAMTALE

MÅLGRUPPE

➔ 5.–7. trinnet

MÅL

- ➔ Elevane skal kunne vise at dei kjenner til lovgivinga som regulerer digital kommunikasjon gjennom å diskutere dilemma.
- ➔ Elevane skal kunne diskutere handlingsalternativ dei kan velje mellom når dei støyter på problem som kan oppstå ved digital kommunikasjon.

FAGLEG RELEVANS

➔ Samfunnsfag

KOMPETANSEMÅL

- ➔ Finne og trekkje ut samfunnsfagleg informasjon ved å søkje i digitale kjelder, vurdere funna og følge reglar for nettvett og nettetikk.

TID OG UTSTYR



TID

2 x 45 minutt

UTSTYR

Faktaark side 10–14

Arbeidsark 2

FORKLARING

Undervisaren introduserer oppgåva gjennom å snakke med klassen om kva for lover og reglar som gjeld for kommunikasjon på nettet. Undervisaren les faktaark side 11–12 høgt for klassen. Prat saman i klassen om kva for reglar elevane kjende til frå før, og kva for reglar som er nye for dei.

Deretter deler læraren klassen inn i grupper på tre–fire elevar. I gruppene skal elevane arbeide med eit dilemma som er forklart på arbeidsark 2.

Elevane skal

- finne ut om det har skjedd eit lovbrøt / har skjedd noko ulovleg i dilemmaet
- gi gode råd til den som stiller spørsmålet i dilemmaet, om kva han eller ho kan gjere

Til slutt summerer de opp arbeidet med dilemmaet i ein felles klasse-samtale. Her kan undervisaren ta utgangspunkt i følgjande spørsmål:

- Kva for råd har gruppene gitt i dei forskjellige dilemmaa?
- Kva er ung.no?
- Kva kan vere spennande med å dele eit intimt bilete?
- Kva for problem kan oppstå dersom ein deler eit intimt bilete?
- Korleis kan de bruke slettmeg.no?



KJENNER DU TIL UNG.NO ?

Ung.no – den offentlege informasjonskanalen for ungdom.

På ung.no finn du informasjon om kva rettar, moglegheiter og plikter du har.



STILL SPØRSMÅL OG FÅ SVAR
UNG.NO

4. NETTVETT

GRUPPEARBEID

MÅLGRUPPE

➔ 5.–7. trinn

MÅL

- ➔ Elevane skal kunne ta del i ein diskusjon om kva som er god folkeskikk i digital kommunikasjon.
- ➔ Elevane skal kunne samarbeide om å skrive ein tekst som skildrar god folkeskikk i digital kommunikasjon.

FAGLEG RELEVANS

➔ Samfunnsfag og digitale ferdigheiter

KOMPETANSEMÅL

- ➔ Skrive samfunnsfaglege tekstar ved å bruke relevante fagtermar og fleire kjelder.
- ➔ Bruke nettvett og følgje reglar for personvern på internett og i sosiale medium.

TID OG UTSTYR



TID

45 minutt

UTSTYR

Filmen «Redd Barna – Vis respekt» som ligg på YouTube, og artiklar på Ung.no under temaet «nettvett».

FORKLARING

- 1) Forklar for klassen at de i dag skal arbeide med å finne reglar og avtaler som gjer at ein snakkar saman på ein god måte i sosiale medium.
- 2) Gå på YouTube og sjå filmen «Vis respekt» frå Redd Barna.
- 3) Klassesamtale med utgangspunkt i desse spørsmåla:
 - Kva for sider der ein kan chatte veit de om?
 - Kva for sider der ein kan chatte bruker de?
 - Kva for sider er bra, og kvifor?
 - Kva for sider er dårlege, og kvifor?
 - Kva for reglar synest de er gode å ha når ein chattar?
 - Kva slags forholdsreglar tenkjer de på når de chattar?

- 4) Del elevane inn i grupper på 3-4 i kvar. Elevane skal finne tekstar som handlar om nettvett på www.ung.no.

Grappa skal lage ein tekst som skildrar god oppførsel på chattersider og nokon enkle reglar for korleis ein bruker chattersider.

Spørsmål dei kan ta utgangspunkt i:

- Kva er det greitt å skrive til andre?
 - Kva er det ikkje greitt å skrive til andre, og kvifor?
 - Kva kan ein gjere for å unngå mobbing på chattersider?
 - Korleis skapar ein god stemning på chattersider?
- 4) Gruppene legg fram teksten sin for resten av klassen.

TIPS TIL UNDERVISAREN



Som supplement kan klassen sjå klippet «Familien Stutleberg sier nei til sosiale medier» som ligg på YouTube. Dette er ein morosam film om livet utan sosiale medium.

www.youtube.com/watch?v=E1Eas2mDuW8



5. PRIVATLIV I SOSIALE MEDIUM

FILM

MÅLGRUPPE

➔ 5.–7. trinnet

MÅL

➔ Elevene skal undersøkje korleis dei kan verne sitt eige privatliv i sosiale medium.

FAGLIG RELEVANS

➔ Digitale ferdigheiter

KOMPETANSEMÅL

➔ Bruke nettvett og følgje reglar for personvern på internett og i sosiale medium.

TID OG UTSTYR



TID

45 minutt eller 2 x 45 minutt

UTSTYR

Filmar på www.sexogpolitikk.no/seksualitetsundervisning/filmer

FORKLARING

Undervisaren presenterer øvinga for klassen. Øvinga går ut på å bli kjend med kva for innstillingar ein person kan ha på sosiale medium for å verne om privatlivet sitt.

Klassen blir delt inn i mindre grupper med tre–fire elevar i kvar gruppe. Halvparten av elevane arbeider med filmen «Privatliv på Facebook», og den andre halvparten arbeider med filmen «Privatliv

på Instagram». Begge filmene finst på http://sexogpolitikk.no/seksualundervisning/uke_6_materiell_til_grunnskolen/filmer_til_uke_6 Gruppene skal undersøkje og leggje merke til kva for innstillingar ein kan bruke for å verne om privatlivet sitt.

Deretter går to og to grupper saman og presenterer det dei har funne, for kvarandre.

TIPS TIL UNDERVISAREN



Til øvinga «Grenser, krenkingar og overgrep» kan du bruke faktaarka på side 11–14 med lover og reglar om deling av bilete på nettet, og repeterer for elevane kva som er lovleg, kva som er god folkeskikk, og kva ein kan gjere for å verne seg sjølv på nettet.



6. MOBBING PÅ NETTET

FILM

MÅLGRUPPE

➔ 5.–7. trinn

MÅL

➔ Elevane skal kunne bruke den kunnskapen dei har om kva som er lovleg og kva som er ulovleg i digital kommunikasjon, i ein klassesamtale om mobbing og trivsel på nett.

FAGLEG RELEVANS

➔ Digitale ferdigheiter og samfunnsfag

KOMPETANSEMÅL

- ➔ Bruke nettvett og følgje reglar for personvern på internett og i sosiale medium.
- ➔ Gjere greie for kva for moglegheiter, plikter og rettar barn og unge har til å medverke.

TID OG UTSTYR



TID
45 minutt

UTSTYR

Filmar på <https://sexogpolitikk.no/seksualundervisning/filmer/>

FORKLARING

Undervisaren presenterer for klassen at dei no skal sjå eit klipp som handlar om mobbing på nettet. Klassen ser klippet «Mobbing på nettet» http://sexogpolitikk.no/seksualundervisning/uke_6_materiell_til_grunnskolen/filmer_til_uke_6

Deretter les undervisaren arbeidsarket som høyrer til denne oppgåva høgt og let samtidig elevane lese arket sjølve. Diskuter i klassen med utgangspunkt i desse spørsmåla:

- Kva kan få nokon til å opprette ei hatside om ein annan person?

- Kva kan ein gjere om ein ser ei hatside på nettet?
- Er det eit hardare språk i sosiale medium enn det som er vanleg i klassen elles, når ein ikkje er på nett?
- Kan de gi døme på mobbesituasjonar på nett som er straffbare?
- Er det noko som er spesielt ubehageleg med digital mobbing?
- Kva kan ein gjere om ein opplever å bli mobba i sosiale medium?

TIPS TIL UNDERVISAREN



På YouTube-kanalen til Redd Barna ligg det fleire filmklipp som handlar om nettvett.

På sida til Ung.no kan elevane lese artiklar om nettvett, sende inn spørsmål og lese svar på spørsmål som andre ungdommar har sendt inn.



7. TRIVSEL I SOSIALE MEDIUM

PROSJEKT

MÅLGRUPPE

➔ 5.–7. trinnet

MÅL

➔ Elevane skal kunne samarbeide om eit initiativ som kan styrkje trivselen i sosiale medium.

FAGLEG RELEVANS

➔ Læringsmiljøet til elevane

TID OG UTSTYR



TID

2 (eller 3) x 45 minutt

UTSTYR

Ingen

FORKLARING

Undervisaren presenterer oppgåva ved å fortelje at de no skal arbeide med å skape trivsel i sosiale medium. Dersom de har gjort dei tidlegare øvingane, kan undervisaren innleie med ein klassesamtale. Her blir det stilt spørsmål om korleis dei tidlegare øvingane har medverka til kunnskap som skapar trivsel i sosiale medium.

Elevane blir delt inn i mindre grupper med 3-4 elevar i kvar gruppe. Gruppene skal velje ut eit sosialt medium som dei ønskjer å ta utgangspunkt i, og svare på desse arbeidsspørsmåla:

- Kva skaper trivsel i sosiale medium?
- Kva for aktivitetar i sosiale medium er med på å auke trivselen?
- Korleis kan vi oppmuntre til denne aktiviteten?

- Korleis kan ein gjennomføre denne aktiviteten?

Gruppene legg fram svara sine for klassen. Undervisaren legg til rette for at klassen kan sjå på om det er mogleg å realisere forslaga og eventuelt å tilpasse forslaga slik at dei kan gjennomførast.

TIPS TIL UNDERVISAREN



Som eit alternativ til den innleiande klassesamtalen om kva elevane har lært om sosiale medium når dei har gått igjennom temamateriellet, kan undervisaren velje å bruke evalueringsøvinga som heiter «Kva har vi lært?»



8. KVA HAR VI LÆRT?

EVALUERING

MÅLGRUPPE

➔ 5.–7. trinnet

MÅL

➔ Elevane skal kunne vurdere si eiga læring og formulere tankar om eiga læring om sosiale medium.

FAGLEG RELEVANS

➔ Dei faga materialet blei brukt i.

KOMPETANSEMÅL

➔ Elevane skal kunne vurdere si eiga læring.

TID OG UTSTYR



TID
45 minutt

UTSTYR
Ingen

FORKLARING

Undervisaren fortel klassen at dei no saman skal evaluere kva dei har lært om temaet sosiale medium. Klassen blir delt i to. Halvparten av klassen stiller seg ved sida av kvarandre i ein sirkel og kikkar ut av sirkelen. Den andre halvdelan av klassen omkransar den første delen ved å stille seg i ein sirkel utanfor den indre sirkelen og sjå inn. Slik står alle elevane i ein ring og ser på kvarandre to og to.

Elevane som står i den ytste sirkelen har no eitt minutt på seg til å fortelje kva dei har lært om nettet og sosiale medium. Etterpå er det den indre sirkelen sin tur. Dei får òg eitt minutt på seg til å fortelje kva dei har lært. Når både den indre og den ytre sirkelen har hatt eitt minutt på seg kvar, roterer sirkelen ved at dei som står i den ytste sirkelen tek eitt steg til høgre. Deretter gjer ein øvinga på nytt.

Evalueringsovinga skal avsluttast med ein klassesamtale. I samtalen kan undervisaren ta utgangspunkt i desse spørsmåla:

- Kva har de lært gjennom arbeidet med dette temaet?
- Kjem de til å tenkje meir over korleis de er på nettet og i sosiale medium etter å ha jobba med dette temaet?
- Kva vil de lære meir om når det gjeld nettet og sosiale medium?
- Dersom de skulle gi to gode råd om kva som er viktig å hugse på når ein er på nettet og i sosiale medium, kva skulle det vere?



Oppteken av seksuell og reproduttiv helse og rettarr?

Då er du velkommen som medlem!

Sex og Politikk er ein medlemsorganisasjon med både enkeltpersonar og organisasjonar som medlemmer. Du kan også melde deg inn i ungdomsorganisasjonen vår, Seksualpolitisk Nettverk for Ungdom (SNU).

Les om medlemskap på sexogpolitikk.no

FINN OSS



www.sexogpolitikk.no



Christian Krohgs
gate 34, 0186 Oslo

FØLG OSS



Sopnorway



Sexogpolitikk



Sexogpolitikk

KONTAKT



+44 22 11 55 13



post@sexogpolitikk.no